



Ryland Bygg AS
Jostein Ryland
6958 SØRBØVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3856 - 16/3293

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
04.02.2016

Svar på brev frå ansvarleg søkjar datert 07.01.2016 - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Lindås kommune viser til ditt brev datert 07.01.2016 der det vert gjeve tilbakemelding på fleire punkt i brev om arkivering av søknad frå oss datert 07.01.2016.

I brev frå Lindås kommune er det fleire forhold som gjer at søknaden er arkivert uhandsama, mellom anna:

«Omsøkte avlaupsanlegg er plassert på eigedom gbnr 247/11. Tiltakshavar er ikkje registrert som heimelshavar. Det er ikkje dokumentert rett til å plassera avlaupsanlegget på eigedom. Kommunen kan ikkje gje løyve til tiltaket før slik dokumentasjon ligg føre.»

I ditt brev skriv du at «

Slik rett meiner vi er dokumentert ved innsendt kopi av skyldskifteforretning frå 1974 der det i pkt. 5 er særleg beskreve at eigar av bnr. 10 har rett til å føre leidningsnett og installasjonar for vatn og avløp over gjeldande eigedom, også kalla bnr. 11.

I innsendte skyldskifte, vedlagt søknaden, står det at «Br. nr. 10 har rett til å leggja lovlege innstallasjonar for vatn og kloakk på eller gjennom parsellen. Desse bør i tilfelle ikkje vera til ulempe for parselleigaren.»

Parselleigaren er i dette høve eigar av gbnr 247/11.

Det er kome inn nabomerknad frå Jorunn Dyrkolbotn som er eigar av gbnr 247/11. I merknaden går det klart fram at eigar ikkje aksepterar avløpsanlegg plassert på sin eigedom. Det vert mellom anna vist til at ho ønskjer å føre opp ein bustad på eigdommen, og at eit kloakkanlegg vil vera til hinder for dette og forringa hennar verdiar. I dette ligg det då at parselleigar meiner seg påført ei ulempe ved at avløpsanlegg frå gbnr 247/10 vert plassert slik det er vist i innsendte søknad.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-6 at «Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, skal søknaden avvises.»

Det går klart fram av innesente nabomerknad, at parselleigar ikkje er samd i plassering av avløpsanlegget og meiner at det vil vere til ulempe for hennar planar for eigedommen. På bakgrunn av dette meiner Lindås kommune at det ikkje framstår som «åpenbart» at tiltakshavar har den nødvendige rettighet til å kunne plassere eit avløpsanlegg på gbnr 247/11.

Sjølv om avløpsanlegget vert plassert slik at det er i samsvar med gjeldande plangrunnlag, område A2, gjev ikkje det i seg sjølv ein rett til å plassere anlegget. Plassering av avløpsanlegget må gå klart fram av ein privatrettsleg avtale med grunneigar, eller det må dokumenterast frå eigar av gbnr 247/11 at ho ikkje vurderar at avløpsanlegget vil medføre ei ulempe.

Lindås kommune sitt brev datert 07.01.2016 står ved lag. Det må sendast inn ny komplett søknad når alle forhold som går fram i vårt brev er stetta.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorunn Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 50

5994

VIKANES

leirskole og gjestehus Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119

5994

VIKANES

fjellstove

Mottakarar:
Ryland Bygg AS

6958

SØRBØVÅG